KONKURRANSEGRUNNLAG – Innkjøp av hjullastar (FOA del III)

Revisjon: A

Dato: [dd.mm.åååå]	Saksnr.: [ ]
Referanse/KGV-ID: [ ]	Kontaktperson: André Laberg – andre@simas.no

Oppdragsgjevar: SIMAS IKS – Festingdalsvegen 368, 6854 Kaupanger, org.nr. 974 888 076.

All kommunikasjon og innlevering skal skje via KGV (Artifik).

Språk: Nynorsk. Tilbod og dokumentasjon skal leverast på norsk (nynorsk).

Kap. 1 – Oppdraget

SIMAS IKS (heretter «Oppdragsgjevar») skal inngå kontrakt om levering av éin (1) komplett hjullastar, klar til drift. Bindande krav til maskin og leveranse går fram av Bilag 1 – Kravspesifikasjon (Excel).

Kap. 2 – Regelverk, kommunikasjon og prosedyre

Regelverk: Konkurransen vert gjennomført etter lov om offentlege anskaffingar (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA) del III (over EØS-terskel).

Prosedyre: Open tilbodskonkurranse utan forhandling.

Kunngjering: Doffin/TED.

Kommunikasjon: All kommunikasjon skjer i KGV (Artifik). Spørsmål skal stillast skriftleg i KGV innan fastsett spørsmålsfrist. Oppdragsgjevar svarar i KGV.

Kap. 3 – Krav til leveranse (omfang, levering og aksept)

Minstekrav og ønskjelege krav er spesifiserte i Bilag 1. Leverandør skal fylle ut alle gule felt i Bilag 1, og stadfeste oppfylling (Ja/Nei) med utfyllande svar og dokumentasjon der dette er kravd.

Levering/overlevering: Levering skal skje til SIMAS IKS, Festingdalsvegen 368, 6854 Kaupanger, klargjort og ferdig til bruk, inkludert eventuelt tilleggsutstyr.

Leveringsfrist: Seinast innan 5 månader etter signert kontrakt, med mindre anna vert oppgjeve i tilbodet og akseptert av oppdragsgjevar.

Dokumentasjon og opplæring: Full brukardokumentasjon skal leverast på norsk ved overlevering. Opplæring av operatørar skal inngå som del av leveransen (minimum 1 arbeidsdag ved SIMAS).

Aksepttest/prøvedrift: Aksepttest/prøvedrift vert gjennomført ved overlevering. Eventuelle avvik skal rettast innan avtalt frist før endeleg aksept.

Kap. 4 – Kvalifikasjonskrav (ESPD)

Leverandør skal fylle ut ESPD i KGV som førebels dokumentasjon.

Minstekrav til deltaking:

- Lovleg etablert verksemd (dokumenterast i ESPD).
- Økonomisk og finansiell kapasitet til å gjennomføre leveransen (ESPD).
- Teknisk og fagleg kapasitet: relevante referansar for leveranse av tilsvarande anleggsmaskin dei siste 3 åra, og skildring av service-/verkstadnett (minst i Vestland), responstid ved driftsstans og delelogistikk.
- Opplys om kvalitetssystem (t.d. ISO 9001 eller tilsvarande) og eventuelle miljøstyringsordningar (t.d. ISO 14001/Miljøfyrtårn) dersom tilgjengeleg.

Oppdragsgjevar kan krevje verifikasjon av opplysningar før tildeling.

Kap. 5 – Tildelingskriterium og evaluering

Tildeling skjer til det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på følgjande kriterium og vekting:

Kriterium	Vekt	Kort skildring / dokumentasjon
Pris	50 %	Vurderast ut frå totalpris og poststruktur/prisskjema i Bilag 1 og/eller prisfelt i KGV.
Miljø	20 %	Vurderast ut frå dokumenterte utsleppskrav (Steg V eller betre), forbruk/støy og relevante eco-funksjonar, i samsvar med Bilag 1.
Kvalitet og yting	20 %	Vurderast ut frå tekniske løysingar, ergonomi, sikt/kamera, lys og tryggleikssystem, og i kva grad tilbodet møter/overgår krava i Bilag 1.

Service og oppetid	10 %	Vurderast ut frå responstid, delelogistikk og serviceopplegg/SLA slik det er kravd i Bilag 1 og skildra i tilbodet.

Merk: Leverandøren skal gi tydelege og etterprøvbare svar i Bilag 1. Manglande eller uklar dokumentasjon kan påverke poenggivinga.

Kap. 6 – Kontrakt, dokumentrang og vilkår

Kontrakten nyttar DFØ-standardvilkår for kjøp av varer med/utan montasje/installering (eigen fil i KGV).

Prioritet ved motstrid mellom dokument:

1. DFØ-standardvilkår (eigen fil).
2. Signert avtaledokument (vert utarbeidd ved tildeling) og eventuelle avklaringar før signering.
3. Dette konkurransegrunnlaget.
4. Bilag 1 – Kravspesifikasjon (Excel).
5. Bilag 2 – Leverandøren sine prisar/tilbodsdata (KGV).
6. Leverandøren sitt tilbod med vedlegg.

Kap. 7 – Framdriftsplan og fristar

datoar vert fastsette i KGV - Artifik

Kap. 8 – Vedlegg (bilag)

Dokumenta nedanfor vert publiserte under «Vedlegg til KGV» i KGV (Artifik):

- Bilag 1 – Kravspesifikasjon hjullastar (Excel)
- Bilag 2 – Leverandøren sine prisar og tilbodsdata (utfyllast i KGV).
- Bilag 3 – Samhandlingsavtale (ved behov).
- Bilag 4 – Endringar i DFØ-vilkår (ved behov).
- Bilag 5 – Etiske krav (DFØ) – lenke/fil i KGV.

Kap. 9 – Atterhald, avvik og offentlegheit

Eventuelle atterhald eller avvik skal gå tydeleg fram av tilbodet. Vesentlege atterhald eller avvik kan føre til avvising.

Etterspurde opplysningar kan vere gjenstand for innsyn etter offentleglova etter tildeling. Leverandøren bør difor eventuelt levere sladda versjon av tilbodet der forretningsløyndommar er sladda på ein trygg måte.

Kap. 10 – Personvern

Oppdragsgjevar behandlar personopplysningar i tråd med gjeldande regelverk. Personopplysningar i tilbodet skal avgrensast til det som er nødvendig.